

Vi mottar helst leserinnlegg på e-post.
Send til debatt@nationen.no.
Innlegg kan også sendes i posten, men innlegg som kommer på e-post blir prioritert.

Kronikk: 5000 tegn med mellomrom.
Leserbrev: 2500 tegn med mellomrom.
Kun bestilte kronikker honoreres.

Redaksjonen forbeholder seg retten til å forkorte innsendt stoff, og til å publisere det elektronisk.

ETENDOM

Rett om gårdsnavn

■ Den 23. mai hadde Nationen et leserinnlegg «Tvangsendring av navn» av Ole Anton Hoel, med klar adresset til Statens kartverk. Ved fastsetting av skrivemåte for stedsnavn følger Statens kartverk offentlige bestemmelser, først og fremst lov nummer 11 av 18. mai 1990 om stedsnavn. Stortinget vedtok en revisert form av stedsnavnloven 10. juni 2005. Den reviserte stedsnavnloven gjelder fra 1. august 2006.

I stedsnavnloven er det egne bestemmelser for gårds- og bruksnavn. I § 8 Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn står det i første avsnitt: «Eigar eller festar kan fastsetje namn på eige bruk.» I det neste avsnittet står det imidlertid videre: «Skrivemåten av gardsnamn eller bruksnamn som språkleg og geografisk fell saman med nedervde stednamn, eller med andre stednamn som etter reglane i denne lova eller i andre lover og forskrifter skal brukast av det offentlege, skal fastsetjast etter reglane i § 4 til 6.» Dette gjelder faktisk de fleste gårds- og bruksnavna i Norge. Stedsnavnloven sier i første avsnitt av § 4. Reglar om skrivemåten: «Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetting av skrivemåten av stednamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldende rettskrivingsprinsipp

for norsk og samisk.» Dette er stedsnavnlovens hovedregel for normering.

Skrivemåten Hoel, med stum e for å markera langvokal, følger ikke gjeldende rettskrivningsprinsipper. Når Stortinget har vedtatt at vi skal følge dagens rettskriving, er det nok blant annet fordi vi ikke skal få altfor mange skrivemåter av det samme navnet, og fordi at navnets betydning ikke skal bli borte. Navnet Hol kommer av ordet hol, som betyr rund haug eller høyde. Som gårdsnavn går navnet igjen mange steder.

For gårdsnavnet på Østre Toten har både skrivemåten Hoel og skrivemåten Hol vært i offentlig bruk før stedsnavnloven trådde i kraft 1. juli 1991, og de er begge godkjente skrivemåter av navnet etter Kulturdepartementets definisjon. Statens kartverk har ikke gjort noen tvangsendring, men fastsatt én av skrivemåtene som den offisielle. Inntil Klagenemnda for stedsnavnsaker har gjort vedtak om skrivemåte, er både Hoel og Hollolige skrivemåter i offentlig sammenheng. Når endelig vedtak blir fattet, må alle offentlige etater rette seg etter vedtaket.

Skrivemåten av familienavn blir ikke berørt av vedtak om skrivemåte for gårdsnavnet.

Nils Jørgen Gaasvik, forvaltningsansvarlig for stedsnavn

ROVDYR

Ny rovdrysommer?

■ En påminnelse til dere rovdyrverner på Stortinget i starten på årets beitesesong: Er dere klar over at i løpet av sommeren og høsten vil tusenvis av beitedyri, i tillegg til noen jakthunder, pluss hjortedyr og annet matnyttig vil bli drept av rovdyr? Mener dere dater ansvarlig å fortsette denne distriktsfiendtlige, og ikke minst konfliktskapende, rovdypolitikkendere bedriver?

Synes dere det er riktig å la rovdylene beslaglegge store deler av våre utmarker, og fortrenge beitedyrene fra å utnytte de unike beiteressursene, med den mest allsidige plantefloraen, som må si seg å være det nærmeste man kommer økologisk dyrket mat, og henvise dem til inngjerdede kunstgjødslede innmarker?

Av tidligere negative erfaring forventer jeg ikke å få svar på disse spørsmålene, men hvis de kan være en kilde til ettertanke er kanskje noe av hensikten oppnådd?

Kristian N. Kvistad, medlem i Folkeaksjonen ny rovdypolitikk, Kolbu

Synes dere det er i orden at ellers lovlydige personer som forsøker å livnære seg på forskjellig matproduserende dyrehold til beste for befolkningen, blir forfulgt av rettsvesenet og stemplet som kriminelle hvis de skyter et rovdyr for å beskytte sin virksomhet? Det kunne være interessant å spørre om det er mangel på sosial intelligens og medfølelse som er årsaken til at enkelte grupper i samfunnet skal være fordømt til å måtte leve med dette åket for å tekkes noen urbaniserte avstandsromantikere?

Av tidligere negative erfaring forventer jeg ikke å få svar på disse spørsmålene, men hvis de kan være en kilde til ettertanke er kanskje noe av hensikten oppnådd?

Kristian N. Kvistad, medlem i Folkeaksjonen ny rovdypolitikk, Kolbu

I same jolle?

TORBJØRN
TUFTE

KRONIK



Den nyleg lanserte rapporten «WTO eller EU-medlemskap? Norsk fiskerinæring og EUs handelsregime», reknar at norsk efiskeeksportørar taper om lag 1,5 milliardar kroner årleg ved at Noreg ikkje er medlem i EU. Dette stemmer sikkert, men det er likevel grunn til å undre kva eit medlemskap vil koste for Noreg og fiskeflåten, når det skal betala for marknadstilgangen til oppdrettsbåndene med nasjonens fiskeressursar? Kva er mest verdi fullt over tid: Einsidig forvaltningsrett over fiskeressursane i framtid, eller auka økonomisk gevinst av fri marknadstilgang på kort sikt?

Ei betrakting kring tittelen på NUPI-rapporten «Norsk fiskerinæring og EUs handelsregime», er at for havfiskerinaæringa handlar eit EU-medlemskap meir om forvaltningsregime enn handelsregime, medan dette sjølv sagt ikkje tel for oppdrettsnæringa som har driftsstruktur som eit landbruksføretak.

Både oppdrettsnæringa og havfiskerinaæringa i Noreg søker friast mogleg marknadstilgang, og eit norsk EU-medlemskap vil sikre fri eksport innan Unionen. Konfliktlinjene kring eit eventuelt medlemskap oppstår ikkje før kostnadene for å betre marknadstilgangen skal fordelast i næringa. Der oppdrettsnæringa truleg vil tene i alle leid på eit medlemskap, vil kostnaden gå til kyst- og havfisket. Dette fordi oppdrettsnæringa har full kontroll over sitt ressursgrunnlag, som er under privat eige og forvaltning. Havfisket er derimot basert på hausting av ein felles eige ressurs, og eit medlemskap vil bety at Noreg og fiskarane overfører forvaltningsretten til Unionen. Den felles fiskeripolitikken i EU legg til grunn eit felles EU-hav. Prinsippet om at fiskeressursane til medlemsstatane er i felles eige for Unionen, med lik tilgang og inga diskriminering av ulike medlemsstatar sine fiskarar og fartøy, er traktatfesta.

Innan norske fiskerinaæring må ein difor velje om målet er å sikre ressursane gjennom nasjonal råderett eller å selje mest mogleg fisk ved å fråskrive seg einsidig rett over nasjonale fiskeressursar. Både deler er ikkje eit alternativ ved eit medlemskap. Forvaltningsregimet for fiskeressursane i EU samsvarar ikkje med dei som hevdar at Noreg er sikra tilgang og kontroll over landets fiskeriressursar

ved eit eventuelt medlemskap. Dette er ikkje tilfellet utfrå traktatgrunnlag i dag, og det var heller ikkje tilfellet i den tilredingsavtala som førelag framfor folkerøystinga i 1994.

Kort sagt byggjer norsk fiskeripolitikk på Havrettstraktaten av 1982, som gav kyststatane suverene rettar over naturressursane i deira soner. I den felles fiskeripolitikken til EU er det derimot Unionen som har den myndigheten som kyststatane fekk gjennom Havrettstraktaten. Slik sett er ideen bak EU-hav og lik tilgang til farvatn og ressursar eit forvaltningsregime meir inspirert av frie ressursar og doktrinen om internasjonalt farvatn, der alle har lik tilgang og ingen egen ressursane før dei er hausta. Hovudprincippet om lik tilgang i EU-havet vert likevel undergreve av fordelingsnøkkelen «relativ stabilitet», som er ei mellombels ordning for fordeling av fiskeressursane. Fordelingaskjer i form av kvoter tildelt medlemsstatane, grunna på historiske fiskemønster og fiskerinaæringas økonomiske rolle for landet. Problemet her er at «relativ stabilitet» bryt med det overordna prinsippet om lik tilgang og felles eige. Grønboka for fiskeria (2001) gjør det difor klart at «relativ stabilitet» er ei mellombels ordning, og at prinsippet om lik tilgang bør vektast sterkt på sikt, der fordelinga av ressursane må verte meir markadsstyrt.

Sjølv om både Noreg og EU tillet eit overfiske av ressursgrunnlaget i fiskeripolitikken, er svikten i ressursgrunnlaget i EU-farvatn langt meir kritisk enn i norsk sonne. Grønboka for fiskeria (2001) viser til at fangsaktiviteten i EU bør reduserast med omlag 40 prosent generelt, og for visse fiskeartar er ein langt større reduksjon enn 40 prosent naudsynt for å unngå total kollaps. Spørsmålet om fiskeressursane

Der oppdrettsnæringa truleg vil tene i alle ledd på eit EU-medlemskap, vil kostnaden gå til kyst- og havfisket.

handlar difor ikkje om å dele eler ikkje dele, men om å etablere eit forvaltningsregime som kan sikre rikeleg tilgang til fiskeresursar også i framtida. Per i dag har den norske fiskeriforvaltinga lykka langt betre med å verne ressursane enn tilfellet er forvaltningsregimet EU har etablert. Sjølv sagt er oppdrettsbondene villige til å betale med norske havfiskeressursar for å få betre marknadstilgang, men er det norske samfunnet og den norske havfiskeflåten like tende på den dryge milliarden ekstra, for å gi opp det norske forvaltningsregimet?

Driftsstrukturen og eigedomsforholdet i oppdrettsnæringa er lik tradisjonelt landbruk, og har ikkje med levekår og levemønstra til fangstfolk, sjøfolk eller fiskarar å gjøre. Oppdrettsføretaka er stadbunden og ressursane er «solid» gjera inne, der fisken vert føra med antibiotika og fiskemjøl før den leverast til slakt, uavhengig av vær, vind og fiskens vandrings. Slik sett er oppdrettarane sjøens bønder. Difor er det like ubegrenset for oppdrettarane å gå inn i EU, som det er for bøndene i EU at Noreg vert EU-medlem. Spørsmåla er om oppdrettsnæringa har råd til å ta kostnadene ved tollvernet til EU, og om havfiskerinaæringa meiner 1,5 milliardar kroner er ein passande pris for å fråsje seg nasjonal råderett over fiskeressursane i norske farvatn?

Torbjørn Tuft er statsvitjar og prosjektleiar ved Landbruks Utredningskontor



SJØENS BØNDER: Konfliktlinjene kring eit eventuelt EU-medlemskap oppstår ikkje før kostnadene for å betre marknadstilgangen skal fordelast i næringa, skriv Torbjørn Tuft.

FOTO: Siri Juell Rasmussen